



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Islandsk jordbruk og jordbrukspolitikk

NIBIO RAPPORT | VOL. 5 | NR. 169 | 2019



Sjur Spildo Prestegard

Divisjon for matproduksjon og samfunn, avdeling for økonomi og samfunn

TITTEL/TITLE

Islandsk jordbruk og jordbrukspolitikk

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Sjur Spildo Prestegard

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
20.12.2019	5/169/2019	Åpen	10207-01	19/01473
ISBN:		ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:
978-82-17-02471-2		2464-1162	19	

OPPDRAKSGIVER/EMPLOYER:

NIBIO

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Sjur Spildo Prestegard

STIKKORD/KEYWORDS:

Island, jordbruk, jordbrukspolitikk,
tilskotsordningarIceland, agriculture, agricultural policy, payment
schemes

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Landbruksøkonomi, landbrukspolitikk

Agricultural economics, agricultural policy

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Island er ei øy i Nord-atlanteren med eit langt lågare folketal og eit langt mindre omfattande jordbruk enn det Noreg har, noko som mellom annan skuldast at Island har eit ganske barskt klima og med lite dyrka og dyrkbar jord. Husdyrhald med mjølk og kjøt (storfe, sau/lam) er ein svært viktig del av jordbruket på Island. Island er som Noreg ikkje medlem av Den europeiske union (EU) og dermed har sin eigen nasjonale jordbrukspolitikk. På same måte som Noreg har Island hatt ein ambisiøs jordbrukspolitikk i heile etterkrigstida med stor vekt på å sikra inntektene til bøndene gjennom effektiv skjerming av den innanlandske marknaden mot billegare importvarer, og islandske bønder har også motteke betydeleg støtte over statsbudsjettet i form av ulike tilskotsordningar.

LAND/COUNTRY:

Island

GODKJENT /APPROVED

Mogens Lund

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Sjur Spildo Prestegard

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Føreord

Mange nordmenn kjenner nok på eit slags historisk slektskap med våre nordiske naboar vest i havet. Øya vart då også folkesett frå Noreg og frå Skottland og Irland på 800- og 900-talet. Dei seinare åra har dessutan mange nordmenn vitja Island som turistar. Etter sjølv å ha vore turist på Island sommaren 2016, fekk forfattaren av denne rapporten interesse for å få auka kunnskap om jordbruk og jordbrukspolitikk på Island. Det viste seg fort at heller lite var å finna på norsk, og det som fanst var i tillegg veldig spreidd. Forfattaren fekk det dermed for seg at han ville prøva å skriva ein samlande rapport på norsk om jordbruk og jordbrukspolitikk på Island. Det at forfattaren vanskeleg kan lesa islandsk, gjorde at det var norske og engelske tekstar som vart nytta.

Frå ein norsk synsstad kan ein slik rapport om jordbruk og jordbrukspolitikk på Island vera interessant og nyttig sidan Island som Noreg ikkje er medlem av i Den europeiske union (EU) og dermed har sin eigen nasjonale jordbrukspolitikk. Internasjonale handelsavtalar og reguleringar og endringar i desse set likevel rammer for utforming av jordbrukspolitikken både på Island og i Noreg. Island og Noreg har begge regulert sitt tilhøve til EU gjennom EØS-avtalen. Både Noreg og Island må ta omsyn til avtalar i World Trade Organization (WTO) i utforminga av jordbrukspolitikken. Det å få betre kjennskap til jordbruk og jordbrukspolitikk på Island og endringar i denne, kan vera verdifull informasjon i den norske diskusjonen om mogleg handlefridom til utforming av ein framtidretta norsk jordbrukspolitikk. I denne rapporten er det ikkje gjort noko forsøk på ei grundig samanlikning av jordbruk og jordbrukspolitikken i dei to landa, men ei viss samanlikning er gjort.

Denne rapporten er delvis finansiert av middel frå basisløyvinga til NIBIO frå Noregs forskingsråd.

Rapporten er utarbeidd og skriven av Sjur Spildo Prestegard. Agnar Hegrenes har lese rapporten og har kome med nyttige innspel til fagleg innhald og språkleg framstilling.

Ås, 20.12.19

Mogens Lund

Innhald

1	Innleiing.....	5
2	Kort om Island og islandsk jordbruk.....	6
3	Jordbrukspolitikk på Island	8
3.1	Grunnlaget for jordbrukspolitikken	8
3.2	Handelspolitikk	8
3.3	Jordbrukspolitiske støtteordningar	9
3.3.1	Mjølkk og storfekjøtt.....	9
3.3.2	Sauehald	10
3.3.3	Hagebruk.....	11
3.3.4	Andre støtteordningar og sektorar.....	11
3.3.5	Samla støtte	12
4	Meir detaljert om islandsk jordbruk.....	14
4.1	Produksjonsverdi og fordeling samt støtte over statsbudsjettet.....	14
4.2	Produksjonsomfang, bruksstruktur og industri	15
5	Oppsummering	17
	Litteraturreferansar	18

1 Innleiing

Island er ei øy i Nord-atlanteren med eit langt lågare folketal og eit langt mindre omfattande jordbruk enn det Noreg har, noko som mellom annan skuldast at Island har eit ganske barskt klima og med lite dyrka og dyrkbar jord. Island har likevel som Noreg, område som eignar seg godt for grasdyrking og for beiting. Husdyrhald med mjølk og kjøt (storfe, sau/lam) er dermed viktig både for Island og Noreg.

Island er eit interessant land i jordbruksmessig samanheng sett frå ein norsk ståstad. Ei viktig årsak er at Island som Noreg ikkje er medlem av Den europeiske union (EU), og som dermed har ein eigen nasjonal jordbrukspolitikk. Meir interessant er kanskje likevel at Island, på same måte som Noreg, har hatt ein ambisjøs jordbrukspolitikk i heile etterkrigstida med stor vekt på å sikra inntektene til bøndene gjennom effektiv skjerming av den innanlandske marknaden mot billegare importvarer, og islandske bønder har også motteke betydeleg støtte over statsbudsjettet i form av ulike tilskotsordningar. Island og Noreg ligg på verdstoppen kva gjeld OECD¹ sine årlege utrekningar av støttenivå til jordbruket rekna som prosent PSE². I 2017 var prosent PSE på 56 på Island og på 53 i Noreg (Budsjettnemnda for jordbruket 2019, s. 213). Året før var prosent PSE på 60 i begge landa. Til samanlikning låg EU-25 på ein prosent PSE på 18 i 2017. I kapittel 2 i denne rapporten er det gjeve ei kort innføring om landet Island og om islandsk jordbruk.

Det å få betre kunnskap om og innsikt i islandsk jordbruk og jordbrukspolitikk og om endringar som har skjedd dei seinare åra, vil kunna vera nyttig for vår heimlege landbruksdebatt om moglegheitene for å kunna utforma ein framtidsretta landbrukspolitikk innan rammene av internasjonale handelsavtalar og reguleringar. I kapittel 3 er det gjeve ein omtale av islandsk jordbrukspolitikk.

Den førte jordbrukspolitikken til ei kvar tid har innverknad på tilpassingar som vert gjort av bønder/jordbruksbedrifter og av matvaresektoren og til ei viss grad også matkonsumentane. Når det i kapittel 4 er gjeve ei kort orientering om jordbruket på Island knytt til sysselsetjing, bruksstruktur, arealbruk, produksjon og inntekter, eksport og import, og forbruk av matvarer, så er det klart at jordbrukspolitikken berre er ei av mange årsaker til dei endringar som er registrert. I denne rapporten tek ein ikkje sikte på å gå djupt ned i den diskusjonen.

Der det har falle naturleg har ein forsøkt med ei viss samanlikning av islandsk og norsk jordbruk og av islandsk og norsk jordbrukspolitikk.

Det er for tida nær stillstand i forhandlingane i World Trade Organization (WTO) om ytterlegare liberaliseringar på jordbruksområdet som har gått føre seg sidan 1999, og lite tyder på at ein kjem fram til semje på alle handelsområde. Det betyr likevel ikkje at det ikkje kan koma i stand nye avtaler på jordbruksområdet som kan få innverknad både for Island og Noreg.

Island og Noreg er som medlemmer av EFTA saman om å ha inngått 25 bilaterale handelsavtalar med 35 land. I slike bilaterale handelsavtalar er som regel innrømmelsane som Island og Noreg har gjeve på jordbruksområdet heller små. EFTA-landa Sveits, Island, Liechtenstein og Norge er i forhandlingar med ei rekkje land i Asia, Afrika og Sør-Amerika. EFTA-landa vart 23. august 2019 einige med MERCOSUR-landa Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay om eit utkast til ein frihandelsavtale. I ei pressemelding frå den norske regjeringa vert det slått fast at for jordbruk har det for Noreg vore svært viktig berre å gje konsesjonar innanfor eksisterande jordbrukspolitikk (Regjeringen, 2019). Denne handelsavtalen må seinare godkjennast av MERCOSUR-landa og EFTA-landa før den kan tre i kraft. For Island og Noreg betyr det at avtalen må godkjennast av Alltinget og av Stortinget.

¹ Organisation for Economic Cooperation and Development.

² PSE i prosent uttrykkjer den totale støtta til jordbruket, i form av skjermingsstøtte (fråtrekt foravgifter og omsetningsavgift) og budsjettstøtte, som del av produksjonsverdien (Budsjettnemnda for jordbruket 2019, s. 210). Med produksjonsverdien vert det her meint summen av produksjonsinntekter og direkte støtte.

2 Kort om Island og islandsk jordbruk

Island er ei øy på 103 000 kvadratkilometer i det nordlege Atlanterhavet (Thuesen m.fl., 2019), og er dermed mindre enn ein tredel av Noreg sitt flateareal. Øya ligg midt på skiljet mellom to kontinentalplater, noko som gjer at landet har mange varme kjelder og geysirar og kring 150 vulkanar. Enkelte av desse vulkanane er aktive og i gjennomsnitt har Island vulkanutbrot kvart 5. år (Forr, 2019). Mykje av innlandet er eit nake platå 300 til 700 meter over havet prega av lavaørkenar, vulkanar og isbrear, og er utan folkesetnad. Isbreane dekkjer over 10 prosent av landarealet. Den største isbreen er Vatnajökull med sine 8300 kvadratkilometer. Islands høgaste fjell, Hvannadalshnjúkur, ligg i søraust på ein sidearm av Vatnajökull. Kyststroka er flatare med mange fjordar og dalar. Mange av elvane er gode lakse- og aureelvar (Forr, 2019).



Figur 2.1 Kart over Island

Kjelde: NRKbeta (2010)

Island har eit havklima balansert mellom kalde polarhavstraumar og den varme Golfstraumen. Det er kjølege somrar og milde vintrar. Høgareliggjande delar av landet har sparsam eller ingen vegetasjon. Låglandet har frodigast plantedekke der gras og starr dannar gode beite for sau, hest og storfe. Dei største miljøutfordringane stammar frå jorderosjon som fylgje av vind og overbeiting. Det er kratt i store område som tidlegare hadde skog, men som vart øydelagd av hogst, erosjon og vulkanutbrot. Enkelte stader finst det bjørkeskog. Dei seinare tiåra har ein drive aktiv skogplanting, og i dag er om lag ein prosent av Island skogkledd (Thuesen m.fl., 2019). Fjellreven er det einaste opprinnelege landpattedyret. Rein vart innført frå Noreg på 1700-talet. Island har eit rikt fugleliv.

Island vart folkesett frå Noreg og frå Skottland og Irland på 800- og 900-talet (Thuesen m.fl., 2019). Folk bur stort sett i kystområda. Talet på innbyggjarar på Island er lågt og var per 31. mars 2019 på 358 780 (Statistics Iceland, 2019a). Av dette var 12,7 prosent utanlandske statsborgarar. Nær 64 prosent av folket bur i hovudstadsregionen Reykjavik. Landet vert stadig meir urbanisert, og 80 prosent av folket bur no i dei ti største byane og tettstadene (Wikipedia, 2019).

I fleire hundre år var fiske, fiskeforedling og jordbruk dei viktigaste næringsvegane på Island. På 1800-talet levde 70-80 prosent av jordbruk, men seinare har det vore ein sterk nedgang (Thuesen m.fl., 2019). Fiske og fiskeforedling er framleis svært viktige næringar på Island, og Island har ein svært moderne og effektiv fiskeflåte. Ifylgje Forr (2019) står fiskeprodukt for om lag 40 prosent av landet sine samla eksportinntekter. Oppdrett av laks og aure er enno i startgropa, med ein samla produksjon for dei to fiskeslaga på om lag 10 000 tonn årleg (Forr, 2019). Island har også industri i form av skipsverft, maskinfabrikkar, elektrisk industri, bygnings- og møbelindustri, tekstilindustri, nærings- og nytelsesmiddelindustri med meir. Dei seinare åra har eksport av aluminium og ferrosilisium (basert på elektrisitet frå vasskraftutbygging eller varme geotermiske kjelder) auka markert. Bioteknologi og IT-industri har også utvikla seg kraftig dei seinare åra. Industrien står for om lag 25 prosent av sysselsetjinga på Island. Dei siste åra har ikkje minst turisme og andre servicenæringar vorte svært viktige næringar på Island (Phil m.fl., 2019); Nordisk råd og Nordisk ministerråd, 2019; Forr, 2019). Privat og offentleg tenesteproduksjon sysselset mellom 60 og 70 prosent av arbeidsstokken (Forr, 2019).

Island har vore ein sjølvstendig republikk sidan 1944 (Forr, 2019). Island er ikkje medlem av den europeiske union (EU), men deltek i det europeiske økonomiske samarbeidet gjennom EØS-avtalen (på same måte som Noreg). Island søkte om medlemskap i EU i 2009, men i 2014 trekte Island i realiteten EU-søknaden sin. Landet er medlem av Verdas handelsorganisasjon (WTO). Gjennom EFTA-samarbeidet er Island del av fleire handelsavtalar som EFTA har inngått med land i Sør-Aust Europa, Midt-Austen, Afrika, Latin-Amerika og Asia. Island har dessutan bilaterale handelsavtalar med Grønland, Færøyane og Kina (OECD, 2019).

Island er i dag eit land med høg levestandard og ein utbygd velferdsstat, men ei finanskrisa mellom 2008 og 2011 ramma landet hardt og fleire bankar gjekk konkurs. Mellom anna grunna den aukande turismen, så har økonomien dei siste åra betra seg mykje. Arbeidsløysa som etter finanskrisa var oppe i 10 prosent (Forr, 2019), var i 2017 kome ned på 2,8 prosent (Statistics Iceland, 2018a).

Jordbruk (inkl. relaterte tenester og jakt) på Island stod i 2016 for berre 1,1 prosent av brutto nasjonalproduktet og har vore uendra på det nivået sidan 2010 (WTO, 2017). Fleire bønder har dei seinare åra satsa på gardsturisme. I 2014 sysselsette jordbruket om lag 3900 personar eller 2,2 prosent av alle sysselsette, og som var ein nedgang frå 5000 personar i 2010 (WTO, 2017).

Litt over ein prosent av landarealet på Island er dyrkbart jordbruksareal (Nordisk samarbeid, 2019; Forr, 2019, men i dag er berre 0,1 prosent av landarealet faktisk dyrka jordbruksareal (Forr, 2019; Phil m.fl., 2019). (Til samanlikning utgjer det dyrka jordbrukareralet i Noreg tre prosent av samla landareal.) I tillegg er om lag 25 prosent av landarealet på Island eigna for beiting av sau, storfe og hest (WTO, 2017).

I perioden 2013-2016 så brukte gjennomsnittshushaldet på Island 13,1 prosent av si disponible hushaldsinntekt til mat og alkoholfrie drikkevarer (Statistics Iceland, 2018).

3 Jordbrukspolitik på Island

Omtalen av jordbrukspolitikken på Island er i stor grad basert på ein landstudie av Island utført av World Trade Organization (2017) samt ein omtale av islandsk jordbruk og jordbrukspolitik utført av OECD (2019).

3.1 Grunnlaget for jordbrukspolitikken

Jordbrukspolitik er ansvaret for det islandske ministeriet for industri og innovasjon. I januar 2008 vart det etablert eit mattilsyn (MAST) på Island med ansvar for trygg mat, plante- og dyrekvalitet og helserelaterte saker, service knytt til fôr, frø og kunstgjødsel, administrasjon av økologisk jordbruk og dyrevelferd (WTO, 2017).

På Island er det slik at ei samanslutning av islandske bondeforeiningar (BI) representerer bønder i diskusjonar og forhandlingar med styresmaktene om utviklinga av jordbrukspolitikken. Medlemmene i BI er foreiningar som mellom anna foreininga for eggprodusentar, foreininga for kyllingprodusentar, foreininga for sauebønder og foreininga for mjølkebønder. Det er nyleg forhandla fram tre avtalar for henholdsvis mjølk og storfekjøtt, sauehald og hagebruk for perioden 2017 til 2026 (WTO, 2017). I tillegg er det forhandla fram ein meir generell avtale om støtte til islandsk jordbruk for denne perioden. Det er lagt opp til at desse avtalane skal gjennomgå grundige evalueringar og revisjonar i 2019 og i 2023.

Hovudmålet for jordbrukspolitikken er å halda ved like og styrkja ein mangesidig jordbrukssektor innan rammer sett av marknadsvilkår og naturlege vilkår. Hovudvekta er lagt på å produsera det den innanlandske marknaden etterspør for dei jordbruksvarer der det er mogleg og realistisk, å oppretthalda berekraftig produksjon av trygg mat av høg kvalitet, å styrkja effektivitet og konkurransevne, å betra bøndene sine inntekter, å bidra til kreativitet og arbeidsmoglegheiter og å bidra til levedyktige bygder (WTO, 2017).

3.2 Handelspolitikk

Island støttar sitt jordbruk gjennom importvern for dei varer det er naturleg å produsera på Island i medhald av gjeldande WTO-avtale. Tollsatsane varierer innan og mellom varegrupper, frå 20 prosent opp til 430 prosent (WTO, 2017). Høgaste tollsatsar er det for meieriprodukt og kjøttprodukt. Island har importkvotar for ein del jordbruksvarer fastsette i WTO-avtalen for jordbruk og som fylgje av avtalar med EU, med Norge og med Sveits.

I 2015 vart Island og EU einige om ein avtale om handel med jordbruksvarer og for beskyttelse av geografisk opprinnelse (GI). Avtalen vart formelt sett i verk 1. mai 2018 (WTO, 2017; European Commission, 2018). Avtalen inneber at Island har gjeve EU tollfri tilgang til den islandske marknaden for ei rekkje jordbruksvarer (for det meste for bearbeidde jordbruksprodukt, men også for frukt og grønsaker). Dessutan har Island utvida eksisterande tollkvotar for storfekjøtt, svinekjøtt, kyllingkjøtt, ost og visse kjøttprodukt. Vidare har Island redusert sine tollsatsar på import av kjøtt, visse grønsaker og visse andre produkt frå EU. Island har også gjeve EU beskyttelse av sine GI-produkt. På si side har Island fått tollfri tilgang til EU-marknaden for ei rekkje jordbruksvarer og fått utvida eksisterande importkvotar og fått oppretta nye. Island har fått ei utviding av den eksisterande årlege importkvoten for saue- og lammekjøtt frå 1850 til 3050 tonn og for meieriproduktet skyr frå 380 tonn til heile 4000 tonn over ein periode på fire år (WTO, 2017; European Commission, 2018). Skyr er eit unikt islandsk meieriprodukt. Skyr er ein slags yoghurt basert på skumma mjølk og er dermed eit meieriprodukt med høgt proteininnhald og naturleg feittfri (Forde, 2017).

Island har ikkje brukt eksportstøtte til jordbruksvarer sidan 1998.

3.3 Jordbrukspolitiske støtteordningar

Islandske bønder får støtte gjennom ei rekkje støtteordningar over det islandske statsbudsjettet. Mest omfattande er støtta som vert gjeve til mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon, men det vert også gjeve støtte til produksjon av egg og av ein del typar grønsaker.

3.3.1 Mjølke og storfekjøtt

Mjølkeproduksjonen har sidan 1980 vore regulert gjennom eit kvotesystem med kvotar tildelt den enkelte mjølkebonde. Minimumspris for mjølke levert innan kvote vert bestemt av ei nemnd («Verdlagsnefnd buvara») leia av staten med medlemmer frå det islandske bondelaget og forbrukarane representert ved ei fagforeining. I 2017 var minimumsprisen fastsett til ISK 87,40 per liter (6,30 norske kroner³ (NOK)) (Noregs Bank, 2019). Produksjon utover kvote må eksporterast. Sidan 1992 har det vore lovleg å selja og å kjøpa mjølkekvotar. Totalkvoten for Island for 2017 vart sett til 144 mill. liter (WTO, 2017). Ein avtale på mjølkeområdet mellom islandske mjølkebønder og staten for perioden 2017 til 2027, inneber at ei mogleg oppheving av mjølkekvotesystemet skal vurderast i 2019, og avgjerast gjennom ei avstemming mellom mjølkebønder.

Den ovannemnde avtalen inneber dessutan at systemet med grunnstøtte («Support entitlements») til alle aktive mjølkebønder og aktive produsentar av storfekjøtt gradvis vil verta fasa ut og erstatta med støtte per liter mjølke fram mot 2027, sjå tabell 3.1. Prisstøtta til mjølke vil auka frå 2629 mill. ISK (189,6 mill. NOK) i 2017 til 4117 mill. ISK (296,8 mill. NOK) i 2026. I tillegg vil det verta gjeve dyrestøtte per mjølkeku og per ammeku opp til i alt 25 000 mjølkekyr og 3000 ammekyr totalt for Island (OECD, 2019). Denne støtta per ku vert gjeve for opp til 180 mjølkekyr og opp til 260 ammekyr per gardsbruk/føretak, med full utbetaling for dei første 50 mjølkekyrne og første 200 ammekyrne, og deretter med reduserte satsar (OECD, 2019). Tabell 3.3 viser at dyrestøtte til mjølkekyr vil auka svakt frå 2017 til 2020, for så å gå svakt nedover att. Dyrestøtte til ammekyr viser same relative utvikling i perioden. Det er verdt å merka seg at samla støtta til ammekyr er langt, langt mindre enn samla støtta til mjølkekyr. Eit nytt system for å støtta produksjon av storfekjøtt vil verta introdusert.

Det vert dessutan gjeve støtte til avlsprogram, til investeringar og til tiltak for å balansera marknadene dersom det er nødvendig å reagere på endra produksjon og etterspørsel. I 2017 var støtta på henholdsvis 197 mill. ISK (14,2 mill. NOK), 193 mill. ISK (13,9 mill. NOK) og 99 mill. ISK (7,1 mill. NOK) i 2017. Tabell 3.1 viser at desse tre støtteordningane vil liggja på ganske stabile nivå i perioden 2017 til 2026.

Samla støtte til mjølke og storfekjøtt på Island var på 6550 mill. ISK (472,3 mill. NOK) i 2017 og er venta å gå svakt ned til 6138 mill. ISK (442,6 mill. NOK) i 2026.

³ Med bakgrunn i den økonomiske krisa på Island i 2008 var det i perioden 2009 til og med februar 2018 ikkje offisiell registrering i Noregs Bank av vekslingkursar mellom islandske kroner (ISK) og norske kroner (NOK). I denne rapporten har ein difor valt å bruka gjennomsnittskursen for september 2019 ved omrekning frå islandsk kroner til norske kroner uansett kva årstall beløpet gjeld for. Gjennomsnittskursen for september 2019 for 100 islandske kroner (ISK) var på 7,21 norske kroner (NOK) (Noregs Bank 2019).

Tabell 3.1 Støtte til produksjon av mjølk og storfekjøt på Island. Mill. ISK

	2017	2020	2023	2026
Grunnstøtte	1942	1633	798	0
Prisstøtte til mjølk	2629	2688	3431	4117
Dyrestøtte til mjølkekyr	1175	1298	1271	1237
Dyrestøtte til ammekyr	141	156	152	148
Støtte til marknadsbalansering	99	97	95	92
Avlsprogram	197	193	189	184
Investeringsstøtte	193	189	185	180
Støtte til produksjon av storfekjøt	173	143	184	179
Sum	6550	6398	6305	6138

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

3.3.2 Sauehald

På same måte som for mjølkeproduksjon, så skal grunnstøtta («support entitlements») i sauehaldet fasast ut og erstattast av kvalitetstillegg for lammekjøt som oppfyller visse krav knytt til dyrevelferd, berekraftig bruk av jordbruksmark og kvalitet.

Støtte per vinterfôra sau skulle etter planen verta introdusert frå 1. januar 2020 med høgare satsar for nye sauebønder. Støtta i 2018 skulle ha vore på 239 mill. ISK og ville etter planen gå svakt ned til 227 mill. ISK i 2026. I januar 2019 vart det semje mellom staten og jordbruket sin forhandlingsorganisasjon (BI, sjå side 9) om at denne dyrestøtta ikkje ville verta introdusert i 2020 som opprinneleg planlagt (OECD, 2019).

Tabell 3.2: Støtte til sauehald på Island. Mill. ISK

	2017	2020	2023	2026
Grunnstøtte («Support entitlements»)	2506	1944	1046	0
Kvalitetstillegg	1714	1652	2120	2482
Dyrestøtte til vinterfôra sau	20	95	445	1033
Støtte til sauebruk («Farm support»)		239	233	227
Bruk av ull	446	430	420	409
Investeringsstøtte		95	93	91
Regional støtte	99	143	140	136
Støtte til kvalitetsprodukt av sau	148	95	93	91
Sum	4932	4694	4591	4470

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

I tillegg vil det frå 2018 verta utbetalt dyrestøtte for besetningar som har over 100 vinterfôra sauer. Støtta vil variera frå 20 000 ISK (1442 NOK) for sauebruk mellom 101-120 vinterfôra sauer opp til ISK 320 000 (23 072 NOK) for sauebruk med meir enn 800 vinterfôra sauer. Denne dyrestøtta er planlagt å auka frå 95 mill. ISK (6,8 mill. NOK) i 2020 til 1033 mill. ISK (74,5 mill. NOK) i 2026. Dyrestøtta i 2017 på 20 mill. ISK relaterer seg til ei tidlegare tilskotsordning.

I tillegg vert det gjeve støtte til produksjon av ull (med 446 mill. ISK (32,2 mill. NOK) i 2017), regional støtte i visse område, investeringsstøtte og marknadsføringstiltak for kvalitetsprodukt frå sauehaldet (med 148 mill. ISK (10,7 mill. NOK) i 2017). Den sistnemnde støtta til kvalitetsprodukt av sau er planlagt redusert til 91 mill. ISK (6,6 mill. NOK) i 2026.

Samla støtte til sauehald vil gå svakt ned frå 4932 mill. ISK (355,6 mill. NOK) i 2017 til 4470 mill. ISK (322,3 mill. NOK) i 2026.

3.3.3 Hagebruk

Hagebruket på Island går hovudsakleg føre seg i drivhus (tomatar, agurkar, paprika og blomar), men litt produksjon av grønsaker skjer utandørs på areal som er naturleg varma av geotermisk energi (Butrico and Kaplan, 2018).

Produsentar av tomatar, agurkar og paprika får direkte støtteutbetalingar basert på estimat over produksjonen og som kan verta justert etter faktisk produksjon. I 2017 vart det utbetalt totalt 2745 mill. ISK (197,9 mill. NOK). Dei direkte støtteutbetalingane er fordelt med 49 prosent for tomatar, 37 prosent for agurkar og 14 prosent for paprika.

I tillegg vert det gjeve støtte til opplysing av drivhus som vert oppvarma med geotermisk energi, for opp til 95 prosent av kostnadene for distribusjonen av elektrisiteten. I 2017 vart det gjeve slik elektrisitetsstøtte på 278 mill. ISK (20 mill. NOK). Det er fastsette grenser for kor mykje ein individuell produsent kan få i slik støtte.

Samla støtte til hagebruket er planlagt å verta redusert frå 551 mill. ISK (39,7 mill. NOK) i 2017 til 533 mill. ISK (38,4 mill. NOK) i 2026.

Tabell 3.3: Støtte til hagebruk på Island. Mill. ISK

	2017	2020	2023	2026
Direkte støtte- utbetalingar	274	268	263	256
Elektrisitetsstøtte	278	278	278	278
Sum	551	546	540	533

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

3.3.4 Andre støtteordningar og sektorar

I tillegg til støtte til generelle program for rådgjevingstenester, til avl, til produktivitetsfremjande tiltak, arealstøtte til dyrka mark, bygdeutviklingstiltak, tilskot til økologisk jordbruk, miljøtiltak og støtte til rekrutteringstiltak, vert det gjeve støtte til geitehald, svinehald og skogbruk. Samla utgjorde slik støtte 1743 mill. ISK (125,7 mill. NOK) i 2017, medan den er venta å auka svakt til 1766 mill. ISK (127,3 mill. NOK) i 2020 for så å gå ned til 1595 mill. ISK (115 mill. NOK) i 2023 og til 1516 mill. ISK (109,3 mill. NOK) i 2026.

Største enkeltposten er støtte til rådgjevingstenester. Denne støtta var på 519 mill. ISK (37,4 mill. NOK) i 2017, men er venta å gå gradvis nedover til 356 mill. ISK (25,7 mill. NOK) i 2026. Arealstøtte til dyrka mark var på 369 mill. ISK (26,6 mill. NOK) i 2017 og vil gå svakt ned til 344 mill. ISK (24,8 mill. NOK) i 2026. Støtte til berekraftig bruk av jordbruksmark var på 247 mill. ISK (17,8 mill. NOK) i 2017 og vil auka gradvis til 331 mill. ISK (23,9 mill. NOK) i 2026.

Støtte til produktivitetsfremjande tiltak og til rekrutteringstiltak var både to på 128 mill. ISK (9,2 mill. NOK) i 2017. Bygdeutviklingstiltak utgjorde 92 mill. ISK (6,6 mill. NOK) i 2017.

Støtta til geitehald er lita, berre 15 mill. ISK (1,1 mill. NOK) i 2017. Støtta vert gjeve i form av dyrestøtte (opp til 60 prosent av totalen), slaktepremiar (opp til 15 prosent av totalen, støtte til geitemjølke (opp til 8 prosent av totalen), støtte til avl (opp til 15 prosent av totalen). Støtta til svinehald er litt større med 99 mill. ISK (7,1 mill. NOK). Denne støtta inkluderer investeringsstøtte til betre driftsbygningar for svin og støtte for å riva gamle driftsbygningar. Støtta til svinehald er planlagt å verta fasa ut i 2022.

Tabell 3.4: Anna støtte og andre produksjonar på Island. Mill. ISK

	2017	2020	2023	2026
Rådgivingstenester	519	467	414	356
Avlsprosjekt	60	58	57	56
Arealstøtte til dyrka mark, inkl. fôrvekstar («land cultivation payments»)	369	361	353	344
Produktivitetsfremjande tiltak	128	128	128	128
Bygdeutviklingstiltak	92	90	88	86
Økologisk jordbruk	35	34	33	32
Berekraftig bruk av jordbruksmark («Farmland payments»)	247	342	337	331
Ivaretaking av planteressursar	30	29	28	28
Rekruttering	128	125	122	119
Genressurscenter	7	7	7	6
Svinehald	99	97		
Geitehald	15	15	14	14
Skogbruk	15	15	14	14
Sum	1743	1766	1595	1516

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

3.3.5 Samla støtte

Tabell 3.5 viser samla støtte til islandsk jordbruk over statsbudsjettet. Samla støtte i 2017 er på 13776 mill. ISK (993,250 mill. NOK), og den er venta å gå ned til 12567 mill. ISK (912,570 mill. NOK) i 2027. Det går fram av tabell 3.5 at støtta til mjølke og storfekjøt i 2017 med 6550 mill. ISK er litt større enn støtta til sauehald med 4932 mill. ISK. Støtteordningane til hagebruk er klart mindre med 551 mill. ISK.

Tabell 3.5: Samla støtte til jordbruket på Island. Mill. ISK

	2017	2020	2023	2026
Mjølkk og kjøtt	6550	6398	6305	6138
Sauehald	4932	4694	4591	4470
Hagebruk	551	546	540	533
Annan støtte og andre produksjonar	1743	1766	1595	1516
Sum	13776	13403	13031	12657

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

Ifylgje OECD sine utrekningar så ligg samla støttenivå til jordbruket høgt på Island. Prosent PSE var for perioden 2016-2018 på 59 (OECD, 2019). Det er tre gonger høgare enn OECD-gjennomsnittet for denne perioden. OECD (2019) hevdar at reformer av jordbrukspolitikken har vore svært avgrensa dei seinare åra.

4 Meir detaljert om islandsk jordbruk

Island har eit husdyrhald som gjer at landet er så godt som sjølvforsynt med meieriprodukt, egg, storfekjøtt, saue- og lammekjøtt, svinekjøtt og kyllingkjøtt, men det er ein viss import som fylgje av importkvotar fastsett i WTO-avtalen og i avtalar med EU. Island har ein viss eksport av lammekjøtt (sjå nedanfor). Det vart dyrka korn på Island i sagatida då klimaet var varmare enn no, men eit kaldare klima gjer at produksjonen av korn i dag er ganske liten sjølv om den har auka litt dei seinare åra. Fylgjeleg vert nesten alt av førkornet og matkornet importert. Det dyrka jordbruksarealet vert i all hovudsak brukt til dyrking av surfôr og høy, men også av poteter og rotvekstar. Grønsaker og frukt, til dømes agurkar, paprika, tomatar, kål og jordbær, har det dei seinare åra vorte dyrka ein del av i drivhus der det er tilgang til varmt kjeldevatn (Butrico and Kaplan, 2018). Det same gjeld for blomar.

Hestehald er viktig på Island, og hesten vert først og fremst brukt som ridedyr. Islandshesten er ein ponnirase av norsk opphav (Vangen, 2019). På Island er det ca. 80 000 islandshestar. Landet eksporterer kvart år fleire tusen islandshestar (som ride- og fritidshestar) til andre land. Import av levande hestar til Island er forbode. Import av andre husdyr er i utgangspunktet forbode, men import av livdyr til visse avlsføremål kan tillatast føresett at strikte karantenebestemmelsar vert fylgt (OECD, 2019). Det same gjeld for kjæledyr.

På 1970- og 1980-talet satsa mange islandske bønder på pelsdyr (mink⁴), men mange gjekk seinare konkurs. Det er i dag berre 30 minkfarmar att.

Det kalde klimaet på Island har medverka til at landet er fri frå mange plante- og dyresjukdomar, og dyrevelferda er generelt på eit høgt nivå (IFOAM-EU, 2012). Forbruket av plantevernmiddel er lågt samanlikna med mange andre land i Europa. Det same gjeld for forbruket av kunstgjødsel. Forureining frå jordbruket er dermed eit heller lite problem på Island, men det er utfordringar knytt til jorderosjon på grunn av vind og overbeiting i visse område.

4.1 Produksjonsverdi og fordeling samt støtte over statsbudsjettet

Etter ein periode med årleg auke i den samla verdien av jordbruksproduksjonen (målt i produsentprisar), så var verdien relativt stabil frå 2014 til 2016 med mellom 50 til 52 mrd. ISK (3,6 til 3,7 mrd. NOK) (WTO, 2017). Husdyrhaldet og husdyrprodukt dominerer jordbruksproduksjonen, der mjølk åleine står for om lag 21 prosent av verdien av alle jordbruksprodukt. Sauehaldet og geitehaldet står for om lag 12 prosent av verdien av alle jordbruksprodukt. Det er verdt å merka seg at den samla verdien av svinekjøtt og kyllingkjøtt er på nivå med verdien av sauehaldet og geitehaldet. Plantevekstar står for om lag ein tredel av verdien av alle jordbruksprodukt, men mesteparten av dette er førvekstar som er knytt til mjølkeproduksjonen. Island har ein viss produksjon av korn, poteter og rotvekstar. Island har som omtalt i kapittel 3 (sjå side 12) ein ikkje ubetydeleg produksjon av tomatar, agurkar og paprika i drivhus.

Ifylgje Butrico and Kaplan (2018) så viser den siste undersøkinga i 2012 at halvparten av samla drivhusareal på om lag 194 000 kvadratmeter vart nytta til produksjon av matplantar som tomatar, agurkar, paprika, kål og jordbær (resten vart nytta til blomar og dyrking av unge tre). Lokalproduserte matvarer er høgt etterspurt på Island (Butrico and Kaplan, 2018).

⁴ Minkoppdrett starta på Island allereie i 1930-åra. Seinare har rømd mink spreidd seg i naturen til stor skade for fugleliv og fisk (Alkunne, 2019).

Tabell 4.1: Jordbruksproduksjon på Island. Mill. ISK i produsentprisar

	2014	2015	2016
Samla jordbruksproduksjon i verdi	52346	50198	51068
Av dette			
Plantevekstar	20483	16727	17491
Av dette			
Fôrvekstar	15213	11815	12129
Grønsaker og hagebruk	3070	3144	3467
Poteter	1341	1314	1498
Husdyrprodukt i verdi	31863	33471	33577
Av dette			
Sau/lam og geit	6648	7349	6535
Storfe	3410	3416	4152
Grisar	2864	2815	2594
Kylling	4033	4421	4527
Meieriprodukt	10521	11570	12163

Kjelde: WTO (2017)

September 2019: 100 ISK = 7,21 NOK (Noregs Bank, 2019)

Jordbruket på Island får også betydeleg støtte over statsbudsjettet som omtalt i kapittel 3 (sjå side 13 og 14).

4.2 Produksjonsomfang, bruksstruktur og industri

I 2010 var det 2592 gardsbruk på Island ifylgje WTO (2017). Nesten alle islandske gardsbruk er eigde og drivne av private familiar. Forpaktning og jordleige har eit visst omfang. Jordlov og lov om forpaktning vart liberalisert i 2004 (Blöndal, 2014). Gardsbruka på Island er gjennomgåande små, men mange islandske mjølkebruk og sauebruk er større enn i Noreg.

Gardsbruka er gjennomgåande små, men ofte større enn i norsk samanheng. I 2013 var det gjennomsnittlege mjølkeproduksjonsbruket på 43 mjølkekyr (WTO, 2017). Gardsbruka vert stadig færre og større på Island.

Økologisk jordbruk har så langt hatt eit lite omfang på Island, men har hatt ein svak vekst dei seinare åra. I 2012 var det 64 sertifiserte økologiske gardsbruk og eit økologisk jordbruksareal på 20 676 hektar (IFOAM-EU, 2012). Ifylgje Statistics Iceland (2018a) var samla økologisk jordbruksareal i 2016 på om lag 22 500 hektar og tal økologiske produsentar var 40.

Forde (2017) opplyser at det er om lag 74 500 storfe på Island, til produksjon av mjølk og kjøt. Vidare opplyser Forde (2017) at Island har i underkant av 600 mjølkebønder, og at heile 41 prosent av desse brukte mjølkerobot for å mjølka dei 26 000 mjølkekyrne. Ifylgje Forde (2017) er størsteparten av mjølkebøndene heimhøyrande i den sørlege delen av Island, og resten er spreidd rundt kysten. Ifylgje Iceland Review (2019) produserer stadig færre mjølkebønder meir mjølk enn nokon gong før (150 mill. liter). I 1978 var det ifylgje Icelandic Review (2019) 2500 mjølkebønder mot 730 mjølkebønder i 2003. Ifylgje Statistics Iceland (2018b) så var det i 2017 i alt 614 mjølkebruk mot 631 i 2016 som hadde mjølkeproduksjon som viktigaste økonomiske aktivitet. Frå 2016 til 2017 så gjekk det økonomiske resultatet for desse mjølkebruka betydeleg ned.

Over 90 prosent av mjølkebøndene leverer til samvirkebedrifta Mjólkursamsalan (MS Iceland Dairies), opplyser Forde (2017). Mjólkursamsalan gjev sjølv opp at dei er ei samvirkebedrift med over

600 familiedrivne mjølkebruk over heile landet og med om lag 450 tilsette (Mjólkursamsalan, 2018). Utanom Mjólkursamsalan er det nokre mindre meieribedrifter som Arna i Bolungarvík, som har spesialisert seg på laktosefrie meieriprodukt, og gardsmeieriet Erpsstaðir (Mataraudur Islands, 2019).

Vi ser at det ikkje er heilt samanfallande tal for mjølkebruk/mjølkebønder mellom Statistics Iceland (2018b), Forde (2017) og Mjólkursamsalan (2018). Avvika kan skuldast at det er nytta ulike årstal og kanskje også ulike primærkjelder.

Forde (2017) opplyser at om lag 10 prosent av Mjólkursamsalan si omsetjing kjem frå eksport av Skyr og andre meieriprodukt. Skyr er ein slags yoghurt (så s. 9).

Produksjonen av storfekjøtt var i 2017 på 4600 tonn mot 3900 tonn i 2010 (Statistics Iceland, 2018a). Det er verdt å merka seg at produksjonen av svinekjøtt og av kyllingkjøtt i 2017, med henholdsvis 6300 tonn og 9700 tonn, var større enn produksjonen av storfekjøtt. Produksjonen av kyllingkjøtt har auka med over 40 prosent sidan 2010, medan produksjonen av svinekjøtt har hatt ein langt lågare auke på knapt to prosent sidan 2010.

Sauehaldet er ein viktig del av islandsk jordbruk, og er spesielt viktig for busetjinga i distrikta. Landet har fleire sauer enn innbyggjarar. Sauerasen er av norsk opphav frå vikingtida og er liten og hardfør. Tømmerberg m.fl. (2017) opplyser at tal vinterfôra sauer har lege stabilt mellom 440 000 og 480 000 dei seinare åra. Det er ifylgje Tømmerberg m.fl. likevel ei halvering sidan 1980-talet. Ifylgje Statistics Iceland (2018a) så var tal sauer i 2017 på 459 000 og samla produksjon av saue- og lammekjøtt var på vel 10 600 tonn.

Sjolv om forbruket av saue- og lammekjøtt per innbyggjar på Island er høgt med sine 20 kilo (om lag fire gonger så stort forbruk som i Noreg), så er trenden at forbruket av saue- og lammekjøtt går ned medan forbruket av fjørfekjøtt og svinekjøtt går opp (Tømmerberg m.fl., 2017).

Island eksporterer årleg om lag 4000 tonn saue- og lammekjøtt til verdsmarknaden i sterk konkurranse med mellom andre Irland og New Zealand (Tømmerberg m.fl., 2017). Islandske sauebønder har oppretta ein sals- og marknadsføringsorganisasjon for islandsk saue- og lammekjøtt («Icelandic Lamb») (Tømmerberg m.fl., 2017). Gjennom ein handelsavtale med Noreg eksporterer Island årleg 600 tonn saue- og lammekjøtt tollfritt til Noreg.

Ifylgje Tømmerberg m.fl. (2017) så var gjennomsnittleg besetningsstørrelse på dei i alt 2400 sauebruka, på 200 vinterfôra sauer. Island har dei største besetningane og kanskje det mest profesjonelle sauehaldet i Norden, hevdar Tømmerberg m.fl. (2017). Fontaine (2019) skriv at det er i alt 2280 sauebruk på Island med i alt 476 000 vinterfôra sauer. Dersom ein samanliknar Fontaine (2019) sitt tal over sauebruk med Tømmerberg m.fl. (2017). sine tal, så tyder det på at der skjer ei viss strukturrasjonalisering i det islandske sauehaldet med færre og større sauebruk.

Økonomien i sauehaldet dei seinare åra har vore heller dårleg og med låge kjøttprisar. Statistics Iceland (2018b) publiserte oversikt over økonomien på sauebruk der inntekt frå sauehald var den viktigaste økonomiske aktiviteten. I 2017 var det 1441 sauebruk på Island der sauehald var viktigaste økonomiske aktiviteten, noko som var 36 færre enn året før. Ifylgje Statistics Iceland (2018b) så gjekk det økonomiske resultatet for desse 1441 sauebruka sterkt ned frå 2016 til 2017, ikkje minst for sauebruk med under 200 sauer. I alt 510 sauebruk hadde mellom 1-100 sauer og 255 sauebruk hadde mellom 101-200 sauer i 2017.

Nordlenska er eit produksjons- og salsfirma for jordbruksprodukt (Nordlenska, 2019). Hovudproduksjonen er saue- og lammekjøtt, storfekjøtt og svinekjøtt. Nordlenska er eit av dei leiande selskapa som driv eksport av saue- og lammekjøtt.

Slaturfelag Suðurlands svf. er ei samvirkebedrift eigd av bønder og aksjonærar i det sørlege og vestlege Island (Slaturfelag Suðurlands, 2019). Slaturfelag Suðurlands svf. opererer i tre divisjonar; slakteri, kjøttforedling og import. Slaturfelag Suðurlands svf. driv det største slakteriet på Island med om lag 19 prosent av alle slaktedyr.

5 Oppsummering

Mange nordmenn kjenner nok på eit slags historisk slektskap med våre nordiske naboar vest i havet. Øya vart då også folkesett frå Noreg og frå Skottland og Irland på 800- og 900-talet. Talet på innbyggjarar på Island var per 31. mars 2019 på 358 780.

Litt over ein prosent av landarealet på Island er dyrkbart jordbruksareal, men i dag er berre 0,1 prosent av landarealet faktisk dyrka jordbruksareal (mot tre prosent i Noreg). Klimaet på Island er ganske barskt. Island har likevel, som Noreg, område som eignar seg godt for grasdyrking og for beiting. Husdyrhald med mjølk og kjøt (storfe, sau/lam) er dermed viktig både for Island og Noreg. Landet har fleire sauer enn innbyggjarar. Hestehald er viktig på Island, og hesten vert først og fremst brukt som ridedyr. Island er som Noreg ikkje medlem av i Den europeiske union (EU) og har dermed sin eigen nasjonale jordbrukspolitikk.

Jordbruk (inkl. relaterte tenester og jakt) på Island stod i 2016 for 1,1 prosent av brutto nasjonalproduktet og har vore uendra på det nivået sidan 2010. I 2014 sysselsette jordbruket om lag 3900 personar eller 2,2 prosent av alle sysselsette, og som var ein nedgang frå 5000 personar i 2010. Gardsbruka på Island er gjennomgåande små, men islandske mjølkebruk og sauebruk er ofte større enn i Noreg.

Hovudmålet for jordbrukspolitikken på Island er å halda ved like og styrkja ein mangesidig jordbrukssektor innan rammer sett av marknadsvilkår og naturlege vilkår. Hovudvekta er lagt på ein berekraftig produksjon av det den innanlandske marknaden etterspør for dei jordbruksvarer der det er mogleg og realistisk, å styrkja effektivitet og konkurransevne, å betra bøndene sine inntekter og å bidra til levedyktige bygder. Det dyrka jordbruksarealet vert i all hovudsak brukt til dyrking av surfôr og høy, men også av poteter og rotvekstar. Island har omfattande import av matkorn og førkorn (eigen produksjon er liten), grønsaker og frukt og bær. Det er likevel verdt å merka seg at Island produserer ein del grønsaker (tomatar og agurkar), jordbær og blomar i drivhus.

Island støttar sitt jordbruk gjennom importvern for dei varer det er naturleg å produsera på Island i medhald av gjeldande WTO-avtale. Tollsatsane varierer innan og mellom varegrupper, frå 20 prosent opp til 430 prosent. Høgaste tollsatsar er det for meieriprodukt og kjøtprodukt. Island har importkvotar for ein del jordbruksvarer fastsette i WTO-avtalen for jordbruk og som fylgje av avtalar med EU, med Noreg og med Sveits. Island eksporterer årleg om lag 4000 tonn saue- og lammekjøt av ein samla produksjon på vel 10 600 tonn. Landet eksporterer dessutan ein del meieriprodukt, som til dømes av det yoghurtliknande produktet Skyr.

Islandske bønder får støtte gjennom ei rekkje støtteordningar over det islandske statsbudsjettet. Mest omfattande er støtta som vert gjeve til mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon, men det vert også gjeve støtte til produksjon av egg og av ein del typar grønsaker.

Husdyrhaldet og husdyrprodukt dominerer jordbruksproduksjonen, der mjølk åleine står for om lag 21 prosent av produksjonsverdien (målt i produsentprisar) av alle jordbruksprodukt. Sauehaldet og geitehaldet står for om lag 12 prosent av verdien av alle jordbruksprodukt. Plantevekstar står for om lag ein tredel av verdien av alle jordbruksprodukt, men mesteparten av dette er førvekstar som er knytt til mjølkeproduksjonen.

Sjølv om forbruket av saue- og lammekjøt per innbyggjar på Island er høgt med sine 20 kg (om lag fire gonger så stort som i Noreg), så er trenden at forbruket av saue- og lammekjøt går ned medan forbruket av fjørfekjøt og svinekjøt per innbyggjar går opp.

På Island er det ca. 80 000 islandshestar. Landet eksporterer kvart år fleire tusen islandshestar (som ride- og fritidshestar) til andre land. Import av levande hestar til Island er forbode. Import av andre husdyr er i utgangspunktet forbode, men import av livdyr til visse avlsføremål kan tillatast føresett at strikte karantenebestemmelsar vert fylgt. Det same gjeld for kjæledyr.

Litteraturreferansar

- Blöndal, E. 2014. Islands erfaringer med eiendomsliberalisering. Farmers Association of Iceland.
<https://www.agrianalyse.no/getfile.php/132494-1516025507/Seminarer/2014/polsem/2014%20-%20Eirikur%20Blondal%20-%20Islands%20erfaringer%20med%20eiendomsliberalisering.pdf>
- Budsjettnemnda for jordbruket. 2019. Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken. Avgitt april 2019.
- Butrico, G., Kaplan, D. 2018. Greenhouse agriculture in the Icelandic food system. European Countryside. Vol 10 2018, No. 4, side 711-724. DOI: 10.2478/euco-2018-0039.
<https://content.sciendo.com/view/journals/euco/10/4/article-p711.xml>
- European Commission. 2018. EU-Iceland: further liberalisation of trade in food and agricultural products. Publisert 27.4.2018. https://ec.europa.eu/info/news/eu-iceland-further-liberalisation-trade-food-and-agricultural-products-2018-apr-27_en
- Forde, A. 2017. Six things you didn't know about Iceland and farming. Irish Farmers Journal, 25 June 2017. <https://www.farmersjournal.ie/iceland-farming-dairy-287718>
- Forr, G. 2019. Island. Nynorsk kultursentrum.
<https://www.allkunne.no/framside/geografi/europa/island/1986/83505/>
- Fontaine, A. 2019. Iceland's Sheep Farmers To get 5.2 Billion ISK From The Government. Publisert 15. januar 2019. <https://grapevine.is/news/2019/01/15/icelands-sheep-farmers-to-get-5-2-billion-isk-from-the-government/>
- Iceland Review. 2017. Fewer Farmers Producing Lots More Milk. Posted April 25, 2017.
<https://www.icelandreview.com/news/fewer-farmers-producing-lots-more-milk/>
- Mataraudur Islands. 2019. Dairy products. <https://mataraudur.is/en/material/dairy-products/>
- Mjólkursamsalan. 2018. About us. <https://www.ms.is/about-us/>
- Nordisk råd og Nordisk ministerråd. 2019. Fakta om Island.
<https://www.norden.org/no/information/fakta-om-island>
- Nordisk samarbeid. 2019. Fakta om island. <https://www.norden.org/no/information/fakta-om-island>
- Nordlenska. 2019. Nordlenska. English. <https://www.nordlenska.is/is/english>
- Noregs Bank. 2019. Valutakurser. <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Valutakurser/?tab=currency&id=ISK>
- NRKbeta. 2010. Kart over Island, commons.wikimedia.org. Publisert 22. september 2010.
<https://nrkbeta.no/2010/09/23/bytt-ut-norgeskartet/island/>
- OECD. 2019. Agricultural Policy Monitoring and Evaluation 2019. Iceland.
- Phil, R., Ryste, M.E., Scott, I. 2019. Økonomi og næringsliv på Island. Store Norske Leksikon.
https://snl.no/%C3%98konomi_og_n%C3%A6ringsliv_p%C3%A5_Island
- Regjeringen. 2019. Fakta om frihandelsavtalen med Mercosur. Regjeringen.no.
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fakta-om-frihandelsavtalen-med-mercotur/id2666463/>
- Slaturfelag Suðurlands svf. 2019. English. Slaturfelag Suðurlands svf. (SS). <https://www.ss.is/english/>
- Thuesen, N.P., Ryste, M.E., Pihl, R., Lundal, S.O., Skatvik, F., Smørgrav, I. Island. 2019. Store Norske Leksikon. Island. <https://snl.no/Island>

Statistics Iceland. 2018a. Iceland in figures 2018.

<https://hagstofan.s3.amazonaws.com/media/public/2019/7bc8b111-7479-4739-8aa5-a9b9f5dcf3eb.pdf>

Statistics Iceland. 2018b. Decreased revenue of sheep and dairy farms. (Datert 19. desember 2018.)

<https://statice.is/publications/news-archive/agriculture/income-statements-and-balance-sheets-of-agriculture-2017/>

Statistics Iceland. 2019a. The population increased by 1,730 in the first quarter of 2019. 06. May 2019.

<https://www.statice.is/publications/news-archive/inhabitants/population-in-the-1st-quarter-2019/>

Statistics Iceland. 2019b. Economic accounts for agriculture 2018. 05. March 2019.

<https://www.statice.is/publications/news-archive/agriculture/economic-accounts-for-agriculture-8807-10815/>

Tømmerberg, V., Berntsen, S., Tollersrud, T.S. 2018. Sauehold i Norden – mye likt og mye ulikt. Sau og geit Nr. 6/2018.

Vangen, O. 2019. Islandshest. Store Norske Leksikon. <https://snl.no/islandshest>

World Trade Organization. 2017. Trade Policy Review Iceland.

https://www.wto.org/english/tratop_e/tpr_e/s361_e.pdf

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.